

**Fra:** Jon Askeland <jon.askeland@radoy.kommune.no>  
**Sendt:** 26. juni 2015 12:47  
**Til:** Meidell, Arve  
**Kopi:** Fjeld, Rune  
**Emne:** Vedkomande klagesak delingssak Radøy kommune.

Eg tillèt meg å få gje nokre vurderingar vedkomande delingssak på gnr 40, bnr 3 i Radøy kommune. Saka gjeld frådeling av areal på ca 1,8 da i LNF til bustadføremaal.

Saka har vore to gonger til politisk handsaming i Radøy kommune, og eit samla politisk miljø støttar frådelinga. Men, forvaltninga i kommunen har frårådd frådeling begge gongene. Etter første politiske vedtak vart saka sendt til Fylkesmannen for uttale, og svaret var i samsvar med forvaltninga i kommunen. Eg er blitt gjort kjend med at Radøy kommune sende saka over til Fylkesmanne igjen den 23. juni i år. Difor kjem denne henvendinga i etterkant av dette.

Eg ber Fylkesmannen om å støtta det politiske miljøet i Radøy, og å tilrå frådeling i denne saka.

Eg vil gje nokre vurderingar, etter å ha lese gjennom sakspapira, og vore på synfaring på staden:

Frådeling etter jordlova:

Den aktuelle tomte er eit grunt tunt grasbelagt berg, med nokre få cm jord over. Det er eit areal overflatedyrka beite heilt i utkanten av eit ca 30 da stort beite som vender bort frå det omsøkte arealet. Den aktuelle tomte legg ikkje beslag på nytt dyrka areal, då det allereie går ein veg fram til eit anna fråskilt hus like ved. Denne vegen ligg fint i utkanten av dyrka mark, og er til fordel for tilkomst til beitet. Altså vil tomten bruka allereide opparbeidd veg og infrastruktur.

Etter mitt syn gjeld ikkje jordlova §9 i dette tilfellet, då det ikkje er snakk om dyrka jord,- berre overflatedyrka beite,- og dertil heilt i utkanten av dette, pga naturformasjonane på staden. Eg kan ikkje sjå at denne frådelinga forringar beitet, og når det gjeld argumentet om at det er del av gammalt landbruks- og kulturlandskap, så er stort sett heile Radøy,- og er ikkje noko heimelsgrunn i seg sjølv. Dette støttar også naturmangfaldslova.

Frådeling etter plan- og bygningslova:

Eg synest forvaltninga i kommunen har vore for streng i sine fakta i som er brukt i vurderinga. Forvaltninga har ikkje møtt politikarane sine argument godt nok. Eg ber fylkesmannen setja seg inn i politikarane sine argument for å støtta frådelinga.

Det må leggjast vekt på at det er eit hus med barn som næraste nabo. Dette er snakk om tilflytting til landsbygda,- dermed har ikkje dei familiare som bur der frå før anna val enn å nytta buss til skulen. Søkjar har plassert huset inntil eit høgare bakkedrag, og vil byggja eit lågt hus, slik at det ikkje bryt med høgdedraga.

Eg tør be fylkesmannen støtta politikarane sine to vedtak i å gje samtykke til frådeling. Det aller meste av av bustadbyggjinga i Radøy skjer i regulerte felt. Men, det må og skal vera høve til eit mindre tal omdisponeringar i LNF-område, for å sikra liv og tilflytting i bygdene våre. Me har ikkje mange dispensasjonssøknader av denne typen lengre, men nokre må tillatast. I dette tilfellet medfører det også ei fortetting, noko me er bevisste på å få til.

Fylkesmannen har proklamert at Fylkesmannsembete skal styra i stort, og la kommunane ha sjølvstyret i dei mindre sakene. Dette er ei lita sak, som politikarane i Radøy må få avgjera. I denne saka kjem eg til den konklusjonen at samfunnsnyttan av å tillata frådelinga er klart langt større enn å seia nei. Eg viser elles til brev frå Mette Ervik Mjøs og Gisle Mjøs, datert 27.05.2015, som skal følgja saka.

Med helsing  
Jon Askeland  
Ordfører  
Radøy kommune  
Tlf 47 45 97 20  
Tlf 56 34 90 10  
[WWW.radoy.kommune.no](http://WWW.radoy.kommune.no)

